

12. april 2021

Varsel om oppstart av detaljregulering for Stemnetten hyttefelt , Vrådal panorama– Kviteseid kommune

I medhald av lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27. juni 2008, § 12-8 blir det med dette varsla om oppstart av arbeid med detaljregulering for nytt hyttefelt på Stemnetten i Vrådal på vegne av Vrådal panorama eiendom AS. Område høyrer til eigendommene 1/271 og dels 1/1,2,3 PLANID: 2021001

Planområdet ligg på toppen av skianlegget i Vrådal aust for skiheisane og er vist på vedlagt kartutsnitt med avgrensing. Området er om lag 460 daa. Planarbeidet er i samsvar med kommuneplanens arealdel 2019-2030, vedtatt 13.06.2019, området er avsett til byggeområde for fritidsbustader BFR 6 og skianlegg. Det er krav om at det utarbeidast Sti og løypeplan for område før reguleringsplan kan godkjennast. Denne vil utarbeidast parallelt og sendast til handsaming før reguleringsplanen. Planen er ikkje omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.

Planinitiativ og referat frå oppstartsmøte følgjer vedlagt til offentlege instansar, for andre kan det sjåast på kommunens heimeside.

Målet med planen er å regulere for hytter, ferieleilegheiter og vegar i feltet, det ønskes høg utnytting av området. Det blir lagt opp til høg sanitær standard, området er tenkt kopla til kommunalt vatn og avlaup. Det vil bli utarbeida eigen vatn- og avlaupsplan for området.

Arealet er avgrensa i høve til avgrensing i kommuneplanens arealdel, areal for skianlegg er tatt med i planen da byggeområde ligg på begge sider av anlegget. For å få vegadkomst er det tatt med noe areal vestover til parkeringa på toppen av vegen.

Planarbeidet vil fylgje dei føresegner og retningsliner som går fram av gjeldande arealdel for Kviteseid kommune. AT skog as har hatt oppstartsmøte med Kviteseid kommune i forkant av arbeidet, og har fått klarsignal om å varsle oppstart av planarbeidet. Oppstartsmøte ble gjennomført 24.03.2021.


Planarbeidet vil starte opp omgåande. Forslag til detaljplan er tenkt oversendt kommunen for behandling haust/vinter 2021.

Vi ønsker at dei som har interesser i området og meningar om kva som er viktig å ta omsyn til, gir innspel om dette. Kommentrar/ merknader til planarbeidet skal sendes skriftleg til **AT- skog AS, Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal** eller på e-post mg@atskog.no innan 27.05.2021. Kopi kan sendast til Kviteseid kommune på epost: info@nissedal.kommune.no eller til Kviteseid kommune v/Interkommunalt plankontor, Treungvegen 398, 3855 TREUNGEN
Nærmare opplysningar kan man få ved å kontakte Mona Gundersen på tlf 957 94 342.

Beste helsing
for **AT Skog AS**

Mona Gundersen

Vedlegg: Kartutsnitt med planavgrensning



Rødt område er reguleringsplanområdet.